



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16383 - 20/65803

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
20.10.2020

Svar på søknad om løyve til å knytte fettutskiljar på kommunalt avløpsnett - GBNR 323/519 Frekhaug - Nordhordland folkehøgskole

Saka gjeld søknad om løyve til å knytte fettutskiljar med nominell størrelse NS 10 på kommunalt avløpsnett.

Saksutgreiing:

Infomasjon om saka:

Nordhordland Folkehøgskole har installert ei fettutskiljar med nominell størrelse NS 10. Skulen skal nytte følgjande utstyr: 1 oppvaskmaskin, 4 stk skyllekummer med sil, 1 skyllekum utan sil, 3 stk kombidampar, 1 stk kokegryte, 1 stk vippepanne.

Vurdering/sakutgreiing:

Ut i frå innsendt berekningsgrunnlag er nominell størrelse (ikkje avrunda) er opplyst å være **NS 9,83**. Anlegg som er installert har ei nominell størrelse **NS 10**. NS 10 er ei tallverdi som viser maks vassmengde anlegg har kapasitet til å handtere per sekund.

Anlegg (NS10) er installert før det er sendt inn søknad om løyve til å knytte anlegg på kommunalt avløpsnett (utsleppsløyve). Dersom søknad hadde vore sendt inn før anlegg vart installert, ville kommunen ut i frå berekningsgrunnlaget anbefalt eit større anlegg. Kommunen anbefaler større anlegg for å sikre at avløpsvatn får nok tid i anlegg til å verte avkjølt slik at alt fett vert skilt ut frå avløpsvatet før dette vert ført ut på kommunalt nett.

Kommunen fastsetter tømme- og loggefrekvens ut i frå anlegget sin størrelse og utstyr som er knytt på anlegg.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert saka og vil gje løyve til å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett på vilkår.

Vedtak:

Løyve til å ha fettutskiljar med nominell størrelse NS 10 på kommunalt avløpsnett vert gitt på følgjande vilkår:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

- **Tømmefrekvens:** Tømmefrekvens for anlegg vert sett til **6-12 gonger per år**. Anlegg må tømmast **før** fettlaget utgjir 15 % av anlegget sitt våtvolum. Verksemden skal ha dokumentasjon på dette. Dersom fettlaget utgjir 15 % ved tømning, skal tømmefrekvens aukast. Kommunen skal ha melding om dette. Tømmoperatør skal ha tilgang på vatn og skal fylla anlegg heilt opp etter utført tømning.
- **Temperaturlogging:** Det skal utførast minimum **4 temperaturlogger første driftsår, deretter min. 2 pr. år**. Logging skal utførast før tømning av anlegg. Temperatur i anlegg skal ikkje overstige 30°C. Dersom temperatur i anlegg vert målt over 30°C skal kommunen ha melding om dette omgåande slik at kommunen kan vurdere situasjonen. Ved temperaturer over 30°C kan det komme krav om utskifting av anlegg.
- **Byggeløyve etter plan og bygningslova:** Det skal ligge føre byggeløyve for anlegg etter plan og bygningslova.
- **Såpe:** Såpe som nyttast skal være godkjent til bruk for fettutskiljaranlegg. Verksemden må gå i dialog med godkjent kjemikalieleverandør for å optimalisere bruken av kjemikalier. Vi gjer merksam på at ein del kjemikalier påvirker anlegget sin reinsefunksjon.
- **Vedlikehald av anlegg:** Minst ein gong i året skal anlegg tømmast fullstending og reingjerast grundig med varmt vatn. Spylevatn skal ikkje førast ut på kommunalt avløpsnett, men sugast opp av slambil. Alle overflater skal kontrollerast og vedlikehaldast (gjeld og tidsur, skrapeverk, pumper og ventiler).
- **Tømmeavtale:** Det skal ligge føre skriftleg avtale mellom Nordhordland Folkehøgskole og godkjent tømmeoperatør. Avtalen skal omfatte **minimum 6 tømninger og 4 temperaturlogger per år**. Avtale skal være signert av begge parter. *Kommunen skal ha kopi av avtale før anlegg vert teke i bruk.*
- **Driftsjournal:** Tømmeoperatør skal føre driftsjournal for anlegg. Denne skal ligge hos kunden og være tilgjengeleg for kommunen. I journalen skal tømmeoperatør føre inn når anlegg er tømt, mengde fett (% av våt volum), når logging av temperatur er utført og når anlegg har driftstans.
- **Internt tilsyn:** Verksemden skal føre tilsyn med eget anlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av rør, oversvømming/tilbakeslag og luktproblem. Verksemden skal sørge for at anna avfall ikkje vert ført på utskiljaranlegget (slam, stein, plasthanskar, matrester etc). Verksemden skal føre journal for å dokumentere dette.
- **Årsrapport:** Det skal sendast inn årsrapport for anlegg. Årsrapport skal innehalde tømme-rapporter, temperaturlogger, samt kopi av drifts- og tilsynsjournal. Frist for innsending av årsrapport er 1 februar påfølgjande år.
- **Ferdigmelding:** Når arbeid er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdaterte teikningar og situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplan skal vise rørføring frå bygg til fettutskiljar og frå fettutskiljar til tilknytingspunkt på kommunalt avløpsnett. Anlegg skal ikkje takast i bruk før ferdigmelding er godkjent.

Heimel

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett krav til utskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt avløpsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabilisk og animalsk fett

vert skilt ut i frå avløpsvatn før dette vert ført på kommunalt avløpsnett og påfører dette og reinse-
anlegg skader.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til klage på vedtaket verte nytta fullt ut, jf. fvl. ! 27 b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nordhordland Folkehøgskole

Holtermandsveg 5918
en 3

FREKHAUG

Mottakarar:

Stendal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND